



Rådmannsgruppa i Sogn regionråd

Møtereferat - endra

Møtenummer: 5/18
Møtetid: 5. november 2018 kl 0930-1400
Stad: Sogndal kommunehus
Møteleiar: Jarle Skartun
Referent: Karina Nerland

AGENDA

| |
|--|
| Faste deltakarar |
| Namn |
| Kjellaug Brekklus, Oddbjørn Ese (til kl 1330), Olve Fossedal, Svein Arne Skuggen Hoff, Arne Johansen, Odd Arve Rakstad, Jarle Skartun, Steinar Sjøgaard, Jostein Aanestad (forfall kl 13-1330) |
| Forfall |
| Odd Arve Rakstad |
| Andre |
| Stig Arne Thune, prosjektrådmann nye Sogndal kommune (til kl 11) Karina Nerland, dagleg leiar Jørgen Hundseth, skogbrukssjef Balestrand kommune (sak 3) Tore Thorsnes, fylkesdirektør Sogn og Fjordane og Anne Bogsnes, prosjektleiar/ny fylkesdirektør for NAV Vestland (sak 14) |

AGENDA

| Nr | Sakliste | Ansvarleg |
|----|---|-----------|
| 1 | Godkjenning av innkalling og sakliste | |
| 2 | Referat frå siste møte, 28.8. Regionrådsmøte 14.09 og 26.10., jf protokoll og e-postar. Tilføyning om informasjon frå stadleg leiar ved sjukehuset i Lærdal inkl at samhandlingsfunksjon, jf reforma, vert tilrådd lagt til stadleg leiar. Referert. Ingen kommentarar eller spørsmål. | |
| 3 | Skog i Sogn. Jørgen Hundseth orienterte om prosjektet.. Presentasjonen er lagt ved. Sogn regionråd fekk orientering i møtet 14.9. og saka er sendt over til rådmannsgruppa. Det er gode erfaringar med prosjektet, som har effekt for næringsutviklinga. Verdiskapinga er knytta til infrastruktur, transport og sagbruk. Finansiering: 3- årig prosjekt som varer ut mai 2019. Fylkesmannen har signalisert at dei er positive til å forlenga finansiering utover 3 år dvs frå mai 2019 og ut året. Det var tilslutting til at kommunane forlengar prosjektet ut 2019. | |

| | | |
|---|--|--|
| | Vidare arbeid: Årdal blir invitert til samarbeidet og det blir laga eit skriv til Årdal som underlag for deira handsaming. Deltakarkommunane og Nye Sogndal kommune tek stilling til permanent ordning. Det bør førebust ei sak 1. halvår 2019 og klargjere finansieringsmoglegheiter, inkl eksterne og ytterlegare støtte frå Fylkesmannen. | Jørgen/Svein Arne, Jarle, og Stig Arne |
| 4 | <p>Tilsyn arbeidsgjevarkontroll.</p> <p>-Jf dei to siste møta der me har drøfta saka.</p> <p>-Skatt Vest er tydelege i si tilbakemelding: «SR-kommunane har behov for å samordna tilsynsaktiviteten sin i eit kontor med min 4 årsverk. Dette vil kunne ta dei 75-80 tilsyna som det er pålegg om. Ev kan ein søke eit endå større fellesskap, men 4-5 årsverk er minimum i høve fagleg tyngde og sårbarheit. I ei framtid med ytterlegare digitalisering og krav til fagleg innsikt er det ikkje noko løysing med den både og løysinga som ein no baserar seg på. (noko tilsyn frå Årdalskontoret og noko i eigen regi.)»</p> <p>- Notat på saka frå Lærdal vart utsendt til møtet, og har vore drøfta med rådmannen i Årdal. Forslaget inneber ei utvida ordning som tek seg av alt kontrollarbeid i alle deltakande kommunar. Vil gje større fagmiljø og auka fleksibilitet på tvers av kommunane. Leiingsfunksjonen er viktig. Lokalisering i Lærdal vil og utvida det geografiske området for rekruttering til stillingar i teneste.</p> <p>Rådmennene vurderer «Lærdalsløysinga» som eit kompromiss som dei vil gå for. Det bør utarbeidast framlegg til revidert samarbeidsavtale og budsjett for ordninga.</p> <p>Nye Sogndal kommune ønskjer ikkje å binde seg til langsiktige avtaler.</p> <p>Viss kommunane er samde om avveksling av ny avtale kan det vera ei god løysing istadenfor å gå vegen om oppseiing av avtalen før nyttår for så å inngå ny avtale.</p> <p>Om mulig bør budsjett og framdriftsplan leggjast fram til møte i rådmannsgruppa 26.11.</p> <p>Jarle tek møte med dei to ordførarane.</p> | <p>Arne</p> <p>Alle</p> <p>Jarle</p> |
| 5 | <p>Samarbeid kommunepsykologar.</p> <p>-Jf sist møte m/besøk frå Helse Førde og BUP og oppnemning av arbeidsgruppe.</p> <p>-Jf krav om at alle kommunar skal ha kommunepsykolog frå 2020.</p> <p>-Jf e-postar frå Karina på utvikling i saka.</p> <p>Det vart oversendt notat av 01.10. med forslag til mandat og tidsplan. Arbeidsgruppa møttest 18.10. Det kom innspel i arbeidsgruppa om at helse- og omsorgsnettverket bør vera referansegruppe, i tillegg til mindre endringar i punkta som skal vurderast og greiast ut. Det kom innspel om å invitere med kommunalsjef Åslaug Brænde i nye Sogndal kommune i referansegruppa.</p> <p>For å vera søkjegod bør kommunane i budsjettarbeidet avklare å setja av midlar.</p> <p>Rådmannsgruppa hadde ikkje spesielle merknader til mandatet, men det vert sendt til kommunane v/rådmann for ev uttale for det vidare arbeidet.</p> | <p>Alle</p> <p>Karina</p> |
| 6 | <p>Ultralydtilbod i Lærdal.</p> <p>Saka har versert over noko tid.</p> <p>Helsegruppa har arbeidd for å få eit tilbod ved Lærdal sjukehus. Helse Førde er positiv til etablering av tenesta, men dei kjem ikkje til å prioritera investering av dette utstyret. Helse Førde ser på løysing for å få</p> | |

| | | |
|---|---|--------|
| | <p>gynekologteneste tilbake til sjukehuset og kan då utvida bruken av ultralydstyret. Helsegruppa tilrådde at kommunane finansierer utstyret og rådet handsama saka i 26.10. Kostnad kr 500-600 000. Jf rapport og møtereferat.</p> <p>Rådmannsgruppa stilte spørsmål om kva kommunane bør vera med på. Prinsipielt er rådmannsgruppa reservert mot å ta investeringsutgifter som ligg til foretaket. Denne investeringa er ikkje større enn at foretaket bør ta det.</p> <p>Det var ikkje merknader til fordelingsnøkkelen frå saksframlegget.</p> <p>Saka går til kommunane når Helse Førde har stadfesta kostnaden.</p> | Karina |
| 7 | <p>IKT og Innkjøp. Her pågår prosessar i lys av regionreforma. Fylkeskommunen trekker seg ut av IKT samarbeidet og varslar truleg nedlegging av SFFI i si noverande form.</p> <p>IKT: Det er utforma avtale mellom Vik og SYS-IKT, og starta drøftingar mellom Nye Sogndal og SYS-IKT og det vil pårekeleg bli starta drøftingar mellom Luster og SYS-IKT. Spørsmålet er om kommunane bør samordne og ha ein felles strategi i høve stillingar. ÅLA-kommunane har eit system for drift og vurderer ikkje SYS-IKT som aktuelt i denne omgang.</p> <p>Innkjøp: Som oppfølging av sist møte, vart det sendt ein e-post frå leiar i rådmannsgruppa til fylkeskommunen med oppmoding om å sjå på saka på nytt.</p> <p>KS i fylket har saka til drøfting m.a om at Florø kan ta på seg innkjøpsoppgåver for kommunane. Rådmennene ser absolutt behov for samarbeid om avtaler, jf lovverk og priskonkurransar.</p> | |
| 8 | <p>Legevaktspilot. Søknaden frå Sogn og Fjordane fekk tilslag og ein skal no inn i eit tre-årig prosjekt for å prøve ut den 3-nivå modellen for legevakt som her er skissert. Arbeidet er i «regi» av legevaktsamarbeidet i Sunnfjord. Vik får ikkje prøvd ut nivå 3 fordi dei ikkje er tilknytta legevaktsamarbeid. Det er fire kommunar som er med på dette nivå 3. Det ser ut til at prosjektet gir lite utbytte for kommunane i Sogn. Dei kommunane som deltek i prosjektet skal/vil sørge for overføringsverdi til dei andre kommunane.</p> <p>Rådmannsgruppa etterlyste informasjon om kva seleksjonskriterie som er brukt, korleis overføre erfaringane i prosjektet til andre og kostnadsbilete. Leiar for legevaktsamarbeidet i Sunnfjord, Øystein Furnes vert invitert til neste møte for informasjon og klargjering.</p> <p>Varsla kostnadsauke på legevakttelefonentralen i Lærdal er moderert. Ev nærare informasjon seinare.</p> | Karina |

| | | |
|----|--|--------|
| 9 | <p>Samarbeid om folkehelse-området.</p> <p>-Arne har teke opp spørsmålet om me bør sjå nærare på administrativt samarbeid på dette feltet. Han tenkjer då; Felles kompetansmiljø, Folkehelsedata – Helseoversikt, Korleis kan vi forstå dataene?, Kva vi skal bruke dataene til? Korleis skal vi forstå folkehelse? Større fokus i kommunane på folkehelsearbeid – Korleis kan vi sikre at omsynet til folkehelse i større grad vert gjennomsyra og teke omsyn til i arbeidet vårt.</p> <p>Kommunane i Sunnfjord har fått til noko gjennom folkehelseavdelinga på vegne av 11 kommunar.</p> <p>Vart bygd opp litt kapasitet med prosjektmidlane til Leikanger, Sogndal og Luster. Kan vera tema som eignar seg til regionalt samarbeid. Utfordring er å kople på andre aktivitetar og sørge for eigarskap ut i kommunane. Folkehelse bør vera integrert i samfunnsdelen i kommuneplan. Samarbeidet kan vera i form av fagnettverk, heller enn å samle oppgåvene på nokre få personar.</p> <p>Leiaren for folkehelseavdelinga som er etablert i Florø kan inviterast til seinare møte.</p> | Jarle |
| 10 | <p>Karrieremessene i regi av Framtidsfylket.</p> <p>Oslo 26. januar, Trondheim 31. januar og Bergen 13. februar 2019. I sist rådsmøte kom det innspel om eige SR-arrangement før Framtidsfylket sitt arrangement.</p> <p>Det vert spurt etter tilsette i kommunane som har erfaringar frå dette til ei arbeidsgruppe som ev skal førebu eity slikt arrangement. Dei som blir med er personalmedarbeidarar i Høyanger, Årdal, Lærdal og næringssjef i Balestrand.</p> | Karina |
| 11 | <p>Kommuneopplegget i framlegget til statsbudsjett.</p> <p>Ikkje dei store endringane.</p> <p>Ordning i høve Ressurskrevjande, Eigedomsskatt og skatteinngang vart referert....</p> | |
| 12 | <p>Næringsvenleg region.</p> <p>6 kommunar er inne i prosjektet. Forstudie ligg føre. Fellesnemnda i nye Sogndal kommune drøfta saka 12.10. Fellesnemnda vedtok å vera med på forprosjektet for betre samarbeid om næringsutvikling i regionen, og finansieringa for forprosjektet er sikra.</p> <p>Det vert etter dette starta eit forprosjekt, ev med nokre tilpaasingar.</p> | Arne |
| 13 | <p>Ymse</p> <p>Veteranarbeidet:</p> <p>NVIO Indre Sogn orienterte i sist rådsmøte. Dei arbeider for veterantreff, kamerattreff, arrangement frigjerings- og veterandagen 8. mai og kommunale veteranplanar. Konklusjon i rådet er at det bør lagast ein regional veteranplan og oppnemnst kontaktperson i kvar kommune. Eit alternativ er at administrasjonen ber NVIO kome med framlegg til ein enkel plan for eit avtalt honorar. Rådmannsgruppa tilrår at ein som del av dette ser på å samordna arrangement, arrangementet lagt til region-senteret ev at arrangement går på omgang mellom kommunar.</p> <p>Integrering og inkludering:</p> <p>oppstartsmøte var 22.10. Ønskjer meir oversikt over status, utfordringar og aktivitetar – kjem eigen e-post til kommunane.</p> <p>Psykolog samarbeid med høgskulen:</p> <p>Utlysing er gått ut.</p> | |

| | | |
|----|--|--|
| | <p>Klimatilpassing som miljøteknologisatsing i Sogn – orientering om senterplanane og prosjekt i sist rådsmøte. Prosjektet skal utgreie miljøteknologi som gjer samfunnet istand til å tåle eit endra klima, og blir kopla mot det arbeidet med å realisera eit nasjonalt kunnskapssenter om berekraftig klimatilpassing. Jordbrukssjefar og næringssjefar er aktuelle informantar og det vil bli etablert ei referansegruppe. Rådmannsgruppa ber næringsnettverket sjølve peika ut kven som blir med i referansegruppa.</p> <p>Regionleiar for barnehage- og skuleregion: Spørsmål om auka overføring frå 90 000 frå neste år. Det er teke inn i budsjetttramma for 2019 auke til kr 100 000. Rådmannsgruppa har ikkje merknader til auken.</p> <p>Val koordineringsrådet: Arne Johansen tek over etter Alf Olsen og Odd Arve held fram som vara.</p> <p>Hangar Sogndal Lufthamn: Selskap skipa, Svein Sanden og Jørgen C Lindstrøm er styret.. Esa motifikasjon – alle løyvegivarar må gjennom den.</p> <p>SIMAS: Vedtektssending om utvida låneramme for handsaming i kommunane. Er det gjort risikovurderingar for så store investeringar som utvida låneråme opnar for.</p> <p>Risikoområde for flaum og ras: Sendt epost frå dagleg leiar til kommunane. Det er «lightversjon» som kommunane skal svare på, som grunnlag for auka politisk press om løyvingar og prioritering av sikringstilak mot naturskade.</p> <p>Entreprenørskap Ungt Entreprenørskap orienterte i sist møte. Dei ønskjer meir felles struktur på arbeidet og vil ha avtale med kvar kommune.</p> <p>Farmasøytisk tilsyn og kontroll Avtalen går ut 31.12.2018, opsjon 1+1 år. Den vert forlenga eitt år.</p> <p>Referat frå rådmannsgruppa Kome spørsmål om dei bør leggjast på nettet. Luster – pleier å leggja den fram for formannskapet som referatsak. Kan gjerast tilgjengeleg på nettsida til Regionrådet.</p> <p>Vidareføra eit NAV-tiltak – kvalifisering av flyktningar Sogndal har sendt brev om spleiselag. Kvar kommune sjekkar og melder tilbake.</p> <p>Sogn og Fjordane revisjon IKS Det er venta møte om kort tid med spørsmål om forvaltningsrevisjon. FK har meldt frå om at dei trekkjer seg ut av selskapet. Frå før er Aurland og Lærdal ute. Dei andre kommunane står ved eigarskap, ikkje spesielle standpunkt på om dette skal vere med eller utan forvaltningsrevisjon.</p> <p>Neste møte: Vert som oppsett 26.11.</p> | |
| 14 | <p>NAV Vestland Tore Thorsnes, fylkesdirektør Sogn og Fjordane og Anne Bogsnes, prosjektleiar/ny fylkesdirektør for NAV Vestland orienterte om at det blir etablert 9 regionkontor frå 2019. NAV Vestland skal ha hovudkontor i</p> | |

| | | |
|--|--|--|
| | <p>Bergen. Leikanger held ikkje fram som fylkeskontor. Deler monalege ressurser ut til regionane. Slanker det sentrale for å byggje opp det regionale. Er midt i innplasseringsløpet, er i ein overgangsfase. Målet er å levera betre tenester. NAV ønskjer at kommunane er med i prosjektarbeidet frå starten. Korleis tenkje dykk å bli med på utviklingsarbeidet. Partnerskapen består som før ev ein blir einig om noko anna. Sogndal vert regionkontor i Sogn.</p> <p>Kommunane er positive til å vera med i utviklingsprosjekt og ber om at behova til kommunane kjem med i utforminga av mandatet. NAV Vestland er positive til å gå gjennom dei ulike kommunale tenestemenyane og det er god anledning for kommunane å sjå meir på korleis arbeide på tvers. Kommunane ønskjer forslag til mandat og utlysingstekst til prosjektleiarane til neste møte. Få fram tydeleg formål med prosjektet, organisering, avklare om samordning av tenestemenyane er aktuelt som del av utviklingsprosjektet. Styringsgruppe kan bestå av rådmannsgruppa og NAV.</p> | |
|--|--|--|